



Todalen IL, Trimgruppa

Årsmelding 2022



Foto: Sissel Halset Storslett

Trimgruppa har i trimåret 2022 bestått av:

Leiar: Sissel Halset Storslett

Styremedlemmar: Lars Kvendset, Anita Talgø og Torill Talgø

Trimgruppa har iløpet av -22 hatt 5 styremøter og ein mengde «samtalar» via messenger.

Innkjøp mtp Romjulsmarsen, premierung og salg:

50 stk. rumpetasker m/ todalen I.L.'s logo og 250 stk. buffar m/ todalen I.L.'s logo

Digital registrering via appen Trimpoeng har fungert godt, og er naturlegvis vidareført.

Her er alle trimturane sett i system med enkle turbeskrivelsar, adkomst- og parkeringsmoglegheiter.

Tilsaman var det i trimåret-22 ordna med 27 turmål for registrering.

Toå Tursti tronar som det mest besøkte turmålet med 4889 registreringar. Fosstrøinn med 2491 registrerte kjem på plass nr.2 og Løfta, Kvennset kjem på ein 3.plass med 1885 registrerte.

Totalt antal registreringar kom på 13 817.

| | |
|-----------------------------|------|
| Ansnessetra | 21 |
| Bjøråskaret | 24 |
| Bollknubben | 19 |
| Fauskhjellen | 192 |
| Fosstrøinn | 2491 |
| Gammelsetra i Kvennsetdalen | 161 |
| Gunnøydilten 2022 | 24 |
| Haukarsteinen | 68 |
| Ja-benken | 572 |

| | |
|----------------------------|-------|
| Kjerringdilt 2022 | 5 |
| Kleiva i Brusetlia | 388 |
| Lauvåvatnet | 12 |
| Løfta, Kvennset | 1885 |
| Naustådalsetra (Dalasetra) | 47 |
| Nauståfossen | 67 |
| Rambjøra | 18 |
| Romjulsmarsj 2021 | 50 |
| Rossådammen | 118 |
| Rundtur i Øyalia | 367 |
| Skihytta på Sørfjellet | 43 |
| Storfjellet | 16 |
| Storhaugen | 173 |
| Svinvikrunden | 1263 |
| Taløysetra (Talgøsetra) | 87 |
| Tjønnmyran | 744 |
| Toåa Tursti | 4889 |
| Tårnet | 73 |
| | |
| | 13817 |

Alle aktivitetar i 2022:

Gunnøydilten, 15. april:



Trimgruppa i Todalen IL var arrangør – frå venstre Jon Bruset som er kunde, Anita Talgø, Sissel Halset Storslett, Torill Talgø og Lars Kvendset. Foto Jon Olav Ørsal

Kjempeheldige med veret og oppmøtet. Nærare 200 stykkje var innom gapahuken i Båthølen. Me kunne registrere både godt kjente fjes og , til stor glede, ein del ukjente attåt. Det var sal av nystekte kanelsnurrar, sjokoladekake, eplekake, saft og kaffe frå storkjelen. Noko dei frammøtte såg ut til å sette stor pris på. Loddsal og gjeve premiar vart det og:

Pica stol: Iver Mossing Ervik, Bilete kreert av SHS: Camilla Haugdal, Solo og potetgull: Åse V. Redalen, Forundringspakke: Helge Ørsal, Påskekyllinger: Guro Redalen, Kaffe og noko attåt: Helga Nordvik

St. Hansfeiring i Båthølen, 23. juni:

Den dagen vart folk invitert til grilling i Båthølen. Alle vart oppmoda om å ta med eigen grillmat, medan Trimgruppa sørja for kaffe og saft. Folk tok oss på ordet og møtte i hopetal. Om det er det fine veret som var eller Trimgruppas sjarme vites ikkje. Uansett kva årsaken var, såg det ut til at alle kosa seg stort.



Grillkos – Trimgruppa fyrtre opp storgrillen og det var mange som hiva grillmat bortpå grillen etter kvart. Foto Jon Olav Ørsal

Olsokfeiring i Båthølen, 29. juli:

Ikkje så mange oppmøtte denne dagen, men det vart ein triveleg kveld ut av det leil. Trimgruppa selde kaffe og noko å bite i.



Adventskalender:

I år kom vi opp med ideen om å stella i stand ein julekalender med ei trekning kvar dag i adventstida. Gevinstane bestemde me fort skulle vere av den lokale sorten. For å få det til måtte me ut i pressa, les: todalen.no, og oppmoda todalingane om å stilla med heimelaga produkt. Responsen let seg ikkje venta på. Ein slik respons og slik ei givarglede vermete Trimgruppas hjarte. Heil eineståande. Ikkje noko tvil: Trass mykje arbeid, dette vart noko me vil fortsetja med.



JULEKALENDER 2022

I år satser Trimgruppa på en julekalender med gevinstar av den kortreiste typen. Det kan være lokalprodusert handverk, mat, bakst og kunst m.m. Vi trenger derfor hjelp fra dere til å fylle opp kalenderen. Kjänner du deg kallet, er det bare å ta kontakt på tlf.: 46816169. Salget vil starte 1. november, og holdte fram til 1. sondag i advent, 27. november. Trekning hver dag i hele desember. Resultat vil bli å finne på todalen.no.



Romjulsmarsen, 27. desember:

I år, som i fjar, hadde me kun ein stasjon. Også i år vart den plassert på Bruset. Derifrå kunne deltakarane dermed velge i fleire alternative ruter rundt om i bygda. Deltakarpremien var i år ein knall, orange buff påtrykt Todalen IL's log. Buffen var det og anledning til å kjøpa med seg. Som seg hør og bør, var det servering av saft og gløgg, og moglegheit til å tippa antal godteribitar i eit glas. Live Svinkvik tippa at det var 119 bitar, noko som stemte på ein prikk, og vann dermed konkurransen.

Antal deltagarar vart til saman, med stort og smått, 130 stykkjer inkludert 11 hundar.



Den tradisjonelle Romjulsmarsjen går rundt bygda – registrering av deltakere og servering av gløgg foregår på Bruset – her er det også utdeling av buffer til alle deltakarar.

Elles har Todalen IL hatt fleire turmål gjennom Nordmøre og Romsdal friluftsråd si StikkUt! satsning. Både Tjønnmyra og Toåa Tursti er registrert som sommar- og vinterturar.



Foto: Jon Olav Ørsal

På vegne av Trimgruppa:

Tusen takk til alle bidragsytarar, loddkjøparar og oppmøtte ved våre arrangement 😊

Sissel Halset Storslett